



Arkivnr: 2015/8848-14

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon skuleskyss

Bakgrunn for saka:

Forvaltningsrevisjonsrapport skuleskyss vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av skuleskyss ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Etablere eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - a) *Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.*
 - b) *Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss.*
 - c) *Oppdaterte prosedyrar, retningslinjer og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg.*
 - d) *System for registrering og handsaming av klager.*
2. *Etablere system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.*
3. *Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss.*
4. *Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette*
 - a) *Betre heilskapleg planlegging av skysstilboden*
 - b) *Betre oppfølging av operatørar*
5. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.9.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Drøfting:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Vi har motteke notat frå fylkesrådmannen dagsett 28.9.2016 med handlingsplan i tråd med punkt 5 i vedtaket i fylkestinget. Handlingsplanen ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Av handlingsplanen går det fram at det meste av forbettingsarbeidet ikkje vil vera ferdig før oktober 2017. Dette er relativt lenge til og kontrollutvalet bør difor be om førebels ny status i forbettingsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det er relativt lenge til det meste av forbettingsarbeidet skal vera ferdig - oktober 2017 - ber kontrollutvalet om ny førebels status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Tiltaksplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon skuleskyss
- 2 Tiltaksplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon skuleskyss